

Det er mange som har lurt, rykta har gått, meiningane er mange og siste tida har det òg vorte ei sak som vi har lese om i lokalavisa. Dette har vorte ei stor belastning for alle involverte. Det er difor eg ynskjer å gje ei orientering om saka.

Bård Haukedal



mellom soknepresten og dei andre tilsette.

(Foto: Renate Sæle)

av å ivareta alle partar, seier ho.

Klare reglar

– Det mykje omtalte brevet, som etter det Sogn Avis kjenner til skal innehalda ei rekkje klagepunkt mot presten, vart sendt i august. Kvifor har det teke så lang tid å prøva å finna ei løysing?

– Me har gjort alt me kunne for å få alle partar rundt bordet så fort som råd, men det er sjukmelding inne i biletet, og det har difor ikkje vore mogleg å få i gang ein dialog. Det er klare reglar i forhold til ei sjukmelding som me må forholde oss til,

påpeikar leiaren, som ikkje vil kommentera innhaldet i brevet.

Skandale

– Det kan eg ikkje, ettersom personalsaker ikkje blir behandla i avisa. Det hadde i så fall vore ein skandale. Me har stor forståing for at folk er utolmodige og glade for at mange engasjerer seg. Det einaste som bekymrar meg er at det no vert skapt ei slags sanning basert på påstandar og rykte. Ei sak har som kjend alltid to sider, seier ho.

Hanne Stedje
hanne@sognavis.no



SKIFTAR NAMN: – Flott at me er tekne opp i det nye næringshageprogrammet, seier May Britt Solheim, dagleg leiar i Sognefjorden Næringshage.

Aurland med i nytt næringshageprogram

AURLAND: Aurland Næringshage er teken opp i næringshageprogrammet til Siva og fylkeskommunen og skiftar namn til Sognefjorden næringshage.

– Det er me sjølv sagt veldig glade for, no kan me verkeleg byrja å tenkja langsiktig, seier May Britt Solheim, dagleg leiar i Sognefjorden Næringshage.

Samarbeid

Det var i oktober 2011 at Aurland Næringshage, i samarbeid med Sogn Næring, sende inn søknad til det nye næringshageprogrammet. I denne prosessen har næringsansvarlege i kommunane som er tilslutta Sogn Regionråd delteke.

– Eitt av hovudmåla i Siva

sitt næringshageprogram er at det skal bidra til auka verdiskaping gjennom tilrettelegging for utvikling av arbeidsplasser i heile landet. Gjennom programmet vil me styrkja det regionale samarbeidet slik at den samla kompetansen i regionen blir teke i bruk og at synergien mellom miljøa blir forsterka. Slik meiner me at regionen totalt sett vil lukkast betre med næringsutvikling samstundes som regionen blir meir attraktiv.

Koordinering

Solheim seier at Sognefjorden Næringshage skal initiera og leggja til rette for nyskappingsaktivitetar som er relevante for bedriftene i deira næringshagemiljø.

– Det kan vera bedriftsutvikling, kompetanseutvikling, nettverk og liknande. Me ønskjer å ha ei koordinerande rolle innan deling av kompetansen i

fagmiljøa våre. Sognefjorden Næringshage har ein tydeleg profil innan landskap og reiseliv med spesielt fokus på kortreist mat, natur- og kulturbaserte opplevingar. Sogn Næring har på si side eit sterkt fagmiljø innen IT og teknologi. Ved å kopla miljøa i regionen vil me skapa vekst og utvikling.

Fokus

Solheim legg til at dei skal ha sterkt fokus på medlemsbedriftene, kartleggja behov og ønskjer og leggja til rette for dette.

– Næringshagen er til for medlemsbedriftene, gjensidig engasjement og samarbeid er viktig. Me ønskjer også å ha eit godt samarbeid med det offentlige, det private næringslivet og eldsjeler. Saman kan me verkeleg utvikla regionen vår.

Jan Egil Fimreite

jan.egil.fimreite@sognavis.no

Lova støtte for tunnel

VIK: Fylkespolitikar (Ap) Hilmar Høl lova vikjene å jobba for at riksveg 13 i tunnel over Vikafjellet skal bli ein realitet.

– Tunnel over Vikafjellet er noko som me har plikta oss til i programmet vårt, og det er soleis heilt naturleg at me gjer ein jobb for å sikra dette prosjektet i Nasjonal Transportplan (NTP), seier Hilmar Høl.

Hilmar Høl var gjest på årsmøtet til Vik Arbeidarparti den 9. februar. Naturleg nok vart riksveg 13 over Vikafjellet, og kva som kan gjerast for å gjera den til eit best mogleg heilårssamband tema, sidan ein av Ap-toppene i fylkespolitikken var i årsmøtesalen denne gongen.

– Vart det også snakka om kva tunnelalternativ Ap har plikta seg til?



VIK: Tunnel over Vikafjellet var tema då Hilmar Høl var gjest på årsmøtet til Vik Arbeidarparti før helga. (Foto: Gunnar Kleven)

– Kort eller lang tunnel vart ikkje diskutert i møtet. Me berre konstaterte det Sogn og Fjordane har programfesta, seier Høl.

Eit nærliggjande tema som også kom opp på årsmøtet, var kva som må gjerast når Vikafjellsvegen er stengd grunna uvær. Store delar av natta er Vik kommune isolert på slike

dagar.

– Eg har forståing for av folk i Vik ønskjer seg nattferje mellom Vangnes og Hella, dei gongene den einaste vegen ut av bygda er stengd grunna uvær, seier Hilmar Høl.

Kjell Eldegard

kjell.eldegard@sognavis.no